



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	28.02.2017
Tid:	13:30 – 16:35

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøy	Leder	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Camilla Storøy	NESTL	KRF
Svein Gjelseth	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Stig Arne Helsem Sævik	Camilla Storøy	H
Leiv Aarflot	Per Kristian Furø	AP
Gerd Kopperstad	Svein Gjelseth	AP

Andre: Rådmann olaus Jon Kopperstad
Politisk sekretær Brit Berge
Planleggar Tanja Rafteseth
Oddvar Gjerde, landbrukskontoret

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Gerd Kopperstad og Kjell Runde

Ordførararen fekk permisjon kl. 15:30 etter handsaming av F-sak 39/19.
Ann-Kathrin (Tine) Storøy leia møtet under handsaming av F-sak 35/17 som vart handsama sist i møte.

Skriv delt ut i møte:

Endringsforslag trafikktryggingsplan – F-sak 35/17.

Epost om HV11 – u.off.

Notat frå utviklingsavdelinga om Mørenett og anleggsbidrag.

Orienteringar:

Ordføraren orienterte om status i personalsak Herøy Brann og redning.

underskrifter

Gerd Kopperstad

Arnulf Goksøyr

Kjell Runde

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 22/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 23/17	Protokoll frå førre møte
PS 24/17	Delegerte saker
PS 25/17	Referatsaker
PS 26/17	Tertialrapportering per 31.12. 2016
PS 27/17	Årsplan 2017
PS 28/17	Organisasjonsutvikling. Kommunekompasset.
PS 29/17	Endring i forskrift Søre Sunnmøre Reinhaldsverk
PS 30/17	Bustetjing av flyktningar i 2017
PS 31/17	Strategiplan for økonomisk verkemiddel i jordbruket 2017 - 2020
PS 32/17	Strategiplan for NMSK midlar 2017 - 2020
PS 33/17	Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna bustadar
PS 34/17	Reglement for plan- og byggenemnda - revisjon
PS 35/17	Kommunedelplan for trafikktrygging - Godkjenning av planprogram og utlegging til offentleg ettersyn.
PS 36/17	Kommunedelplan for Herøy - Hamneplan - revidering
PS 37/17	Oppstart av kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi og planprogram til offentleg ettersyn.
PS 38/17	Organisering av interkommunalt IKT- samarbeid.
PS 39/17	Olympic Holding AS - Tilbakeføring av eigedom gnr 22 Bnr 50 og 74.
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 3/17	Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)
	Referatsaker
RS 20/17	Tenestetilbodet i kommunane

- RS 21/17 Sunnmøre Jordskifterett - Årsmelding 2016
- RS 22/17 Pressemelding fra Finansdepartementet:
Delingsøkonomien gir muligheter og
utfordringer
- RS 23/17 Opprop om framtida til landforsvaret
- RS 24/17 Referat møte vedrørende Skarabakken

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 22/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 23/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 24/17 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 25/17 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 26/17 TERTIALRAPPORTERING PER 31.12. 2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

Saka vert teke til vitande.

PS 27/17 ÅRSPLAN 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

1. Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2017 slik han ligg føre.
2. Kommunestyret ber om at budsjetttrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.
3. Kommunestyret er klar over at arbeidssituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon

PS 28/17 ORGANISASJONSUTVIKLING. KOMMUNEKOMPASSET.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

Kommunestyret sluttar seg til tiltaksplanen i pkt 4.5 i vedlegget Organisasjonsutvikling. Kommunekompasset.

PS 29/17 ENDRING I FORSKRIFT SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til endring av § 6.1 i forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS som ligg ved saka.

PS 30/17 BUSTETJING AV FLYKTINGAR I 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

Herøy kommunestyre vil ta i mot og busette inntil 23 flyktingar i 2017.

PS 31/17 STRATEGIPLAN FOR ØKONOMISK VERKEMIDDEL I JORDBRUKET 2017 - 2020

Møtebehandling:

Oddvar Gjerde, landbrukskontoret møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 28.02.2017

Formannskapet i Herøy kommune vedtek Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket for perioden 2017 – 2020 slik den ligg føre.

Rådmannen vert bedt om sjå på om løyving av SMIL midlar kan gjerast ved delegerte vedtak.

PS 32/17 STRATEGIPLAN FOR NMSK MIDLAR 2017 - 2020

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 28.02.2017

Formannskapet i Herøy kommune vedtek Strategiplan for NMSK midlar for peridoen 2017 – 2020 slik den ligg føre.

PS 33/17 SAK OM FULLKOSTPRIS I HEILDØGNSBEMANNA BUSTADAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

Pris for fullkostpakke til bebuarar i heildøgnsbustadar, som treng slik hjelp, vert satt til kroner 3600,- per mnd. I tillegg kjem eigenandel for praktisk bistand, utrekna etter inntekt.

PS 34/17 REGLEMENT FOR PLAN- OG BYGGEMENDA - REVISJON

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om slik endring av utkast til reglement:

Nemndsmøter

Første setning retta til:

Plan og byggenemnda har faste møte etter møteplan.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

1. Kommunestyret godkjenner revidert reglement for plan- og byggenemnda med tillegg av formannskapet si endring:

Nemndsmøter

Første setning retta til:

Plan og byggenemnda har faste møte etter møteplan.

PS 35/17 KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING - GODKJENNING AV PLANPROGRAM OG UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Møtebehandling:

Saka vart handsama sist i møte.

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte.

Endringsforslag vart lagt fram i møte.

Rådmannen si tilråding med endringsforslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 28.02.2017

I samsvar med pbl §11-13 fastset Herøy formannskap planprogram for revidering av handlingsplanane i den kommunale trafikktryggingsplanen.

Framlegg til handlingsprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker i samsvar med pbl § 11-14.

PS 36/17 KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - HAMNEPLAN - REVIDERING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Hamneplan for 2017-2027*.

2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

PS 37/17 OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE AV LOKAL VERDI OG PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.02.2017

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å legge vedlagde forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker

PS 38/17 ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID.

Møtebehandling:

Saka vert utsett.

PS 39/17 OLYMPIC HOLDING AS - TILBAKEFØRING AV EIGEDOM GNR 22 BNR 50 OG 74.

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om slik endra tilråding:

Formannskapet vil **ikkje** benytte rett til tilbakekjøp av gnr 22 bnr 50, 74 jfr. punkt 13 i gjeldande kjøpekontrakt.

Vedtak i Formannskapet - 28.02.2017

Formannskapet vil ikkje benytte rett til tilbakekjøp av gnr 22 bnr 50, 74 jfr. punkt 13 i gjeldande kjøpekontrakt.

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 3/17 Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling) 18.01.2017 00:00:00 THON HOTEL FOSNAVÅG

